


ÅRSMELDING 2006

NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



ÅRSMELDING 2006

NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Volda 2007

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda

www.nynorsksenteret.no



Forord

I 2006 har Nynorsksenteret fått etablert seg betre på Høgskulen i Volda. Frå august 2006 har senteret hatt åtte tilsette, halvparten i full stilling. Senteret fekk i 2006 tildelt ein del av Berte Kanutte-huset ved Høgskulen i Volda som sin faste tilhaldsstad, og ein reknar med at innan slutten av 2007 skal alle medarbeidarane som held til på høgskulen ha kontor her.

Nynorsksenteret har i 2006 hatt eit utstrekt samarbeid med Utdanningsdirektoratet. Særleg har utarbeidinga av *Strategiplan for nynorsk i opplæringa* kravd mykje tid og arbeid av tilsette på Nynorsksenteret. Planen er så viktig for Nynorsksenteret si framtidige verksemd at det har vore ei klar prioritering å delta aktivt i arbeidsprosessen med planen.

Eg vil takke medarbeidarane mine på Nynorsksenteret for god innsats med mange og varierte arbeidsoppgåver. Takk også til Utdanningsdirektoratet for godt samarbeid i 2006.

Volda 15. februar 2007


Anne Steinsvik Nordal

Del I: PRESENTASJON AV NYNORSKSENTERET

1. OM NYNORSKSENTERET

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har vore i drift sidan 1. januar 2005. Etableringa av senteret er ei oppfølging av St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, der det heiter: «Departementet vil opprette et nasjonalt senter for nynorsk i opplæringen som et ledd i arbeidet med å styrke nynorsk» (s. 43). Senteret er organisert som eit § 18-tiltak. I § 18, «Driftsansvar for nasjonale oppgaver», i Lov om universitet og høgskoler står det:

Departementet kan i samråd med institusjonen legge driften av en nasjonal fellesoppgave til en bestemt institusjon, uten at institusjonens egne styringsorgan har ansvar for den faglige virksomheten

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nynorsksenteret, er lagt til Høgskulen i Volda. Fagleg styring og oppfølging av dei

nasjonale sentera er delegert frå Utdannings- og forskingsdepartementet UFD (Kunnskapsdepartementet) til Utdanningsdirektoratet. Det er utarbeidd eit eige mandat for senteret, sjå <http://www.nynorsksenteret.no/mandat>. Senteret er oppretta som eit § 18-tiltak der Utdanningsdirektoratet har styringsansvar i faglege spørsmål, og Høgskulen i Volda i administrative spørsmål.

1.1 Organisering

Nynorsksenteret er i dag lokalisert ved sida av nordisk institutt på humanistisk avdeling ved Høgskulen i Volda. Nynorsksenteret reknar Ivar Aasen-instituttet, avdeling for lærarutdanning ved Høgskulen i Volda og Nynorsk kultursentrum i Hovdebygda som sine viktigaste lokale samarbeidspartnarar. Fagleg styring og oppfølging er lagt til Utdanningsdirektoratet, medan Høgskulen i Volda har det administrative ansvaret med personalansvar for senteret. Senteret har i dag ein senterleiar som har både fagleg og administrativt ansvar.

Frå august 2006 har Nynorsksenteret fått fleire tilsette. No har ein to fagleg tilsette og ein stipendiat som har arbeidsplass ved Høgskulen i Volda. I tillegg har ein tre eksternt tilsette, ein ved nordisk institutt på Universitetet i Bergen, ein ved avdeling for lærarutdanning ved Høgskolen i Østfold og ein i Sogn og Fjordane. Av administrativt tilsette har ein ei og ei halv stilling ved Høgskulen i Volda.

1.2 Mål

Bakgrunnen for at Utdannings- og forskingsdepartementet oppretta Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er at nynorskopplæringa skal styrkjast, og at opplæringa i skriftleg nynorsk som sidemål representerer særlege utfordringar for norskfaget. Nynorsksenteret skal leie og koordinere arbeidet med å utvikle innhaldet i nynorskopplæringa. Mandatet som Nynorsksenteret har fått seier at senteret skal vere eit nasjonalt ressurscenter for nynorsk i grunnopplæringa. Som del av Høgskulen i Volda har senteret også som mål å

bidra til å styrkje høgskulen sin faglege kompetanse på dette området.

1.2.1 Prioriteringar for Nynorsksenteret frå Utdanningsdirektoratet i 2006

- Setje i gang forsøks- og utviklingsarbeid i grunn- og vidaregåande skule for å styrkje elevane sine ferdigheiter i nynorsk. Forsøks- og utviklingsarbeidet bør evaluerast undervegs
- Utvikle og marknadsføre etter- og vidareutdanningskurs for lærarar og lærarstudentar i samband med Kunnskapsløftet og ny læreplan
- Gjennomføre tiltak for å styrkje den nasjonale rolla vår
- Å vere med og utarbeide ein strategiplan for nynorskopplæringa etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet

1.3 Oversikt over aktivitetar ved Nynorsksenteret i 2006

Aktiviteten ved Nynorsksenteret har vore aukande på grunn av fleire tilsette frå august

2006. Nynorsksenteret får ordinære løyvingar frå Kunnskapsdepartementet for å drive det nasjonale senteret for nynorsk i opplæringa (§ 18-tiltak).

1.3.1 FoU-arbeid

Den fagleg verksemda ved senteret skal vere basert på forskings- og utviklingsarbeid. For å styrkje nynorskopplæringa er det viktig å kartleggje korleis opplæringa vert gjort i dag, og å stimulere til fornying og betring av nynorskopplæringa. Nynorsksenteret har i gang 12 større FoU-prosjekt frå barnetrinnet til lærarutdanninga. I tillegg har Nynorsksenteret fått i gang utviklingsarbeid på ti ungdomsskular eller vidaregåande skular, der ein brukar nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk på skular der elevane har bokmål som hovudmål.

1.3.2 Arbeid med vevsida

Ressursbasen på vevsida er utvida. Over 14 000 unike brukarar var inne på vevsida www.nynorsksenteret.no i 2006. Brukartalet er

klart stigande, med oktober og november som dei månadene med høgst brukartal.

1.3.3 Andre tiltak for å støtte nynorskopplæringa

Nynorsksenteret har kjøpt rettane til musikalen *Grammatikk og kjærleik*. Musikalen er ei forteljing om barndomen og ungdomstida til Ivar Aasen. Etter å ha vore med på å setje opp to framsyningar med musikalen i Ørsta i vårsemesteret, har Nynorsksenteret arbeidd med å utvikle ein skulepakke med notar, kompiinstrumentalar og manus.

Nynorsksenteret har utvikla det tekstbaserte, interaktive nynorskkurset *På nynorsk*, som ligg på nettstaden til Nynorsksenteret. 5000 unike brukarar var inne på kurset i perioden frå lanseringa i september og fram til nyttår. Senteret har òg gjeve støtte til utvikling av lærarrettleiing til nettidsskriftet *Magasinet*, og til ein kampanje for *Norsk Barneblad* til femteklassingar i nynorskkommunar og språknøytrale kommunar. Senteret har òg vore med på utviklinga av ei ungdomsutgåve av *Dag og Tid*, som skal verte ferdig i 2007.

1.3.4 Blestilfang produsert i 2006

- Plakat og flygeblad for konferansen *Betne nynorskundervisning*
- Plakat for musikalen *Grammatikk og kjærleik*
- Plata *Grammatikk og kjærleik*
- Flygebladet «Tilbod frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa»
- Ny, revidert utgåve av brosjyren for litteraturkurset *Fordi han er bra!*
- Flygeblad og plakatar for møte om hip-hop-språk på Forskingsdagane
- Julekort

1.3.5 Etterutdanning og kompetanseheving

Etterutdanning og kompetanseheving i samband med Kunnskapsløftet og Ko6, er ein viktig del av Nynorsksenteret sitt arbeid. Senteret har fire kurshaldarar som har kompetanse på sentrale område i høve til den nye læreplanen. Nynorsksenteret samarbeider både med kontoret for etter- og vidareutdanning ved Høgskulen i Volda og gjennom nettverksamarbeid med utdanningsavdelingane

til fylkesmannen og med skuleeigarar i kommunar og fylkeskommunar for å nå fram til målgruppene for senteret sitt arbeid.

1.3.6 Undervisning

Nynorsksenteret har hatt undervisningsoppgåver på allmennlærerutdanninga, på fordjupingsstudiet i norsk, på nettstudiet *Nynorsk i opplæringa* og på masterstudiet i nynorsk skriftkultur ved Ivar Aasen-instituttet.

1.3.7 Forskarutdanning

Senteret har ein doktorgradskandidat som er finansiert med midlar frå Nynorsksenteret. Kandidaten har rettleiar frå Universitetet i Oslo, institutt for lærarutdanning.

Del II: RESULTATRAPPORT**2. FORSKINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKT****2.1 Oversikt over forskings- og utviklingsprosjekta****DOKTORGRADSPROSJEKT**

PROSJEKTTITTEL	TYPE	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Nynorsk i digital kommunikasjon	Doktoravhandling	Kristin Kibsgaard Sjøhelle	2006–2010

FORSKINGSPROSJEKT PÅ HØGSKULAR

PROSJEKTTITTEL	TYPE	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Fagdidaktisk kompetanse i skriftleg nynorsk	Samarbeid med Høgskolen i Oslo	Synnøve Skjong og Inger Vederhus	2005–2007
Grammatikk- og nynorskferdigheiter, ein samanheng	Samarbeid med Høgskolen i Hedmark	Tormod Stauri	2006–2007

INTERNASJONALT PROSJEKT, SAMANLIKNAVDE FORSKING

PROSJEKTTITTEL	TYPE	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Språksituasjon og språkdidaktikk i eit kontrastivt perspektiv Valencia – Vestfold – Volda	Samarbeid med Høgskulen i Volda, Høgskolen i Vestfold og lærar-utdanningsinstitusjonar i Valencia	Norunn Askeland, HIVE Odd Monsson, HVO Eva Maagerø, HIVE	2006–2008

FORSKINGSPROSJEKT I GRUNNOPPLÆRINGA

PROSJEKTTITTEL	TYPE	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Nynorsk i andre fag enn norsk	Samarbeid med Sandnes vgs.	Anne Elise Winterhus	2005–2008
Aktiv bruk av PC i nynorskopplæringa	Samarbeid med Ringsaker vgs.	Ingunn Oline Olsen	2006–2008
Nynorsk ungdomslitteratur	Samarbeid med Tangenåsen ungdomsskole, Oslo	Ellen Flognfeldt	2007–2008
Opplegg med bruk av lokalaviser for nynorskopplæring i ungdomsskolen	Samarbeid med Brannfjell skole, Oslo	Elin Hardeland	2007
Sidemålsløftet – Holmlia skole	Samarbeid med Holmlia skole, Oslo	Torill W. Tørjesen	2005–2008
Nynorsk ungdomslitteratur	Kolvikbakken ungdomsskole	Linda Strand	2005–2008
Haugtussa som barnelitteratur	Våland skole, 2. klasse	Lise Lunde Nilssen	2005–2008
Nynorsk i verkstadpedagogikken	Kviteseid skule, 1. klasse	Øyfrid Garborg Sande Aufles	2006–2007

MASTERSTUDENTAR

PROSJEKTTITTEL	TYPE	PROSJEKTANSVARLEG	TIDSPERSPEKTIV
Nynorsk som sidemål: lærerholdninger og opplæringspraksis i grunnskolen i Oslo	Masteroppgåve	Bjørn Slettemark	2005–2006
Kva brukar folk som har hatt nynorsk som hovudmål i grunnskolen nynorsk til seinare i livet?	Masteroppgåve	Mette Aam Ringstad	2005–2008

Benthe Kolberg Jansson har vore retteleiar for Holmlia skole, Brannfjell ungdomsskole, Kviteseid barneskole og Tangenåsen ungdomsskole. Endre Brunstad har vore rettleiar for Kolvikbakken ungdomsskole, Ringsaker videregående skole og prosjektet «Valencia – Vestfold – Volda».

I tillegg til desse prosjekta løyvde Nynorsksenteret pengar til nynorske lærebøker i eit anna fag enn norsk til ni ungdomsskular og vidaregåande skular. Desse klassene har følgd eit eige opplegg der elevane mellom anna vert vurderte i nynorsk skriftleg om hausten når dei tek til å bruke lærebøkene, og om våren når dei har hatt opplegget i eitt år.

3. ETTERUTDANNING

3.1 Konferansar

Nynorsksenteret arrangerte konferansen *Betre nynorskundervisning* i Oslo 30. mai 2006. Konferansen samla i underkant av 100 deltakarar. Dei fleste innleiarane la fram rapportar frå FoU-arbeid dei hadde gjort med støtte frå Nynorsksenteret. Programmet såg slik ut:

Opningsinnslag

Ragnar Hovland las

«Sugne på sidemål»: Ei kartlegging av sidemålsopplæringa. Tone Abrahamsen, Utdanningsdirektoratet og Anne Steinsvik Nordal, Nynorsksenteret

Gje rom for lesing – på nynorsk

Janne Karin Støylen, Nynorsksenteret
Nynorsktekster – med eller utan ordliste?

Benthe Kolberg Jansson, Høgskolen i Østfold

«Trodde aldri eg skulle skrive nynorsk mere, eg!»

Om lærarstudentane i fyrste klasse ved Høgskulen i Oslo som skriv alle mappearbeida sine på nynorsk i norskfaget.

Inger Vederhus, Høgskolen i Oslo

Å kunna uttrykkja seg skriftleg – på nynorsk

Hege Myklebust,
Høgskolen Stord/Haugesund

«Du skriv feil, lærar!»

Jan Olav Fretland,

Høgskulen i Sogn og Fjordane

Nynorskløftet – Holmlia skole

Torill Tørjesen, Holmlia skole

3.2. Kurs

Nynorsksenteret har utvikla fleire kurs innanfor området nynorskopplæring. Janne Karin Støylen har halde ei rekkje kurs på fylkesnivå om ny barne- og ungdomslitteratur på ny-

norsk, i regi av Gje rom for lesing. Dette kurset finst i fleire utgåver, frå totimarskurs til heil dagskurs, og ho tilpassar kursa etter klassetrinn. Kursa er først og fremst retta mot lærarar, men det finst òg kurs tilpassa elevar.

Ingrid Slettevoll har utvikla nettkurset På nynorsk, som er gratis tilgjengeleg på nettstaden til Nynorsksenteret. Ho arbeider no med eit kurs i lesing i alle fag, som skal vere klart i 2007. Benthe Kolberg Jansson har eit kurstilbod i nynorsk som sidemål, og Kristin Kibsgaard Sjøhelle tilbyr kurset *Med nynorsk i den digitale verktøykassa*. Nynorsksenteret samarbeider også med kontoret for etter- og vidareutdanning ved HVO for spreiding av kursa.

4. UNDERVISNING

4.1 Lærarutdanninga

Janne Karin Støylen har undervist i allmennlærarutdanninga ved Høgskulen i Volda. Anne Steinsvik Nordal har undervist ved medieutdanninga ved HVO.

4.2 Masterutdanninga

Benthe Kolberg Jansson har undervist i norskdidaktikk for masterstudentane ved Aasen-instituttet. Anne Steinsvik Nordal har hatt rettleiing av to masterstudentar i 2006.

5. ANNA VERKSEMD

5.1 Samarbeid med Utdanningsdirektoratet

Det har vore eit omfattande samarbeid med Utdanningsdirektoratet i 2006. I januar vart den store sidemålsgranskinga offentleggjort. Nynorsksenteret hadde vore aktivt med i utforminga av granskinga.

Direktør Petter Skarheim danna *Forum for nynorsk i skulen*, og forumet har hatt to møte i 2006. Nynorsksenteret var med på å utforme informasjonsskriv til alle skuleeigarar om «Kunnskapsløftet, språklege rettar og læringsressursar på nynorsk».

Arbeidet med strategiplanen for nynorskopplæringa tok til i august og heldt fram heile hausten. Nynorsksenteret sa seg viljug til å betale for ein sekretær for skrivegruppa, og Sigfrid Tvitekkja vart leigd inn til dette

arbeidet. Tre av dei tilsette på Nynorsksenteret har vore med i skrivegruppa, og i tillegg har to tilsette ved høgskulen i Volda som har arbeidd med nynorsk for minoritetsspråklege skrive eit kapittel om det emnet. Strategiplanen skal vere ferdig våren 2007.

5.2 Samarbeid med NOLES-nettverket og Gje rom for lesing

Høgskolen i Hedmark har, i samarbeid med Nynorsksenteret og Lesesenteret i Stavan-ger, ansvar for koordinering av Nettverk for norsk med vekt på lese- og skriveopplæring. Nettverket skal arbeide for å styrkje kompetansen i lese- og skriveopplæringa i heile den 13-årige grunnopplæringa. Nettverket har arrangert ein konferanse på Gardermoen 16. og 17. november med temaet lesing i alle fag. Koordinatorane i nettverket har hatt regelmessige telefonmøte om aktiviteten i nettverket. For eit år sidan lyste NOLES og Nettverk for skolebibliotek ut midlar som skulle brukast til å setje i verk tiltak 12 i *Gje rom for lesing*: «Lærerstudenter møter elever

i arbeid med lesestimulering og bruk av skolebibliotek». Mange institusjonar som fekk midlar har gjennomført tiltaka sine (sjå <http://prosjekt.hihm.no/noles/>). Samarbeidet med Høgskolen i Hedmark og Lesesenteret har vore svært nyttig for Nynorsksenteret.

Referansegruppa for *Gje rom for lesing* har hatt møte om status og vidareføring av strategien i lag med representantar for utdanningsavdelingane hos Fylkesmannen, nettverk for kompetanseutvikling, Lesesenteret og Nynorsksenteret.

5.3 Samarbeid med Nettverk for kompetanseheving

Utdanningsdirektoratet arrangerte 16. og 17. februar ein konferanse i Oslo om lærande nettverk. Her kunne ein setje fram ynske om kva nettverk ein ville delta i. Dei nasjonale sentera fekk presentere seg på Nasjonalt råd for lærarutdanning 2. februar i Levanger. Nynorsksenteret var òg med på møtet i Nettverk for kompetanseutvikling 15. mars i Oslo om tilpassa opplæring og vurdering.

5.4 Samarbeid med andre nasjonale senter

Nynorsksenteret har samarbeidd med lese-senteret i NOLES-nettverket. I samband med skrivinga av strategiplan har Framandspråk-senteret sin strategi vore til god hjelp. Sidan Framandspråksenteret var starta opp like etter Nynorsksenteret har dei to sentera hatt ein del uformelt samarbeid om igangsetjing av aktivitet og dagleg drift av sentera.

5.5 Samarbeid med Ivar Aasen-instituttet

Nynorsksenteret og Ivar Aasen-instituttet samarbeider om økonomikonsulent, og er på den måten i jamn kontakt. Også fagleg går samarbeidet godt. Tilsette på Nynorsk-senteret underviser på masterstudiet, og Nynorsksenteret har òg teke på seg rettlei-ing av masterstudentar. Fleire studentar som skriv didaktiske oppgåver har fått stipend frå Nynorsksenteret, og senteret får leggje desse oppgåvene ut på nettstaden til senteret. Når det gjeld forskning har Ivar Aasen-institut-tet no ein søknad inne om strategiske høg-skulemidlar, der ein viktig del av prosjektet

handlar om språkstyrking og skule. Nynorsk-senteret ser fram til at eit større prosjekt med forskning på nynorsk i skulen kjem i gang.

5.6 Samarbeid med Nynorsk Kultursentrum

Ivar Aasen-instituttet, Nynorsk Kultursen-trum og Nynorsksenteret er dei tre institu-sjonane som særleg arbeider med nynorsk i Volda. Det er naturleg med samarbeid sjølv om institusjonane har ulike arbeidsområde. For folk utfør Volda kan det vere vanskeleg å skilje institusjonane frå kvarandre, men det er sjølvsagt ein styrke å ha dette høvet til samarbeid. Nynorsk kultursentrum har eit flott bygg som Nynorsksenteret leiger til tilskipingar, og det har òg vore fleire felles arrangement.

5.7 Anna fagleg samarbeid

Nynorsksenteret har samarbeid med avdeling for lærarutdanning og avdeling for mediefag ved HVO. Senteret har òg samarbeidd med mållaga i Volda og Ørsta, og med Noregs mållag.

5.8 Internasjonalt samarbeid

Nynorsksenteret har eit internasjonalt pro-sjekt «Språksituasjon og språkdiraktikk i eit kontrastivt perspektiv. Valencia – Vestfold – Volda». Det er eit samarbeid med Høgsku-len i Volda, Høgskolen i Vestfold og lærarut-danningsinstitusjonar i Valencia. Odd Mons-son frå Høgskulen i Volda og Norunn Aske-land og Eva Maagerø frå Høgskolen i Vestfold har det faglege ansvaret for prosjektet.

5.9 Deltaking på møte, kurs og konferansar

11.01.06: Fagrådsmøte i Volda

26.01.06: Nynorskkurs for Statskonsult

Kurshaldar: Ingrid Slettevoll

27.01.06: Nynorskkurs for Statskonsult

Kurshaldar: Ingrid Slettevoll

2.02.06: Nasjonalt råd for lærarutdanning

Møte i Levanger. Presentasjon av Ny-norsksenteret ved Anne Steinsvik Nordal

6.02.06: Møte i Språkrådet: «Teksting av film»

Anne Steinsvik Nordal

7.02.06: Møte i Utdanningsdirektoratet

Anne Steinsvik Nordal

- 23.02.06: Møte på Høgskulen i Volda
Møte med Danuta Ciemska frå Utdanningsdirektoratet om nynorskopplæring for minoritetsspråklege og behov for trykte læremiddel på nynorsk.
Anne Steinsvik Nordal, Arild Torvund Olsen, Hilde Osdal (HVO) og Birgitte Grimstad (HVO)
- 10.–11.03.06: LNU-konferanse i Oslo
Anne Steinsvik Nordal, Ingrid Slettevoll og Janne Karin Støylen
- 14.03.06: Forum for nynorsk i skulen
Møte i Utdanningsdirektoratet.
Anne Steinsvik Nordal
- 15.03.06: Nettverksmøte
Nettverksmøte i «Nettverk for kompetanseutvikling» på Bislett.
Anne Steinsvik Nordal
- 23.–24.03.06: Lærarutdanningskonferanse
Lærarutdanningskonferanse i Loen. HVO
Deltakar: Anne Steinsvik Nordal
- 27.04.06: Nynorskkurs for Statskonsult
Kurshaldar: Ingrid Slettevoll
- 28.04.06: Nynorskkurs for Statskonsult
Kurshaldar: Ingrid Slettevoll
- 3.05.06: Møte i faggruppa
Faggruppa for filmen Nynorsk i praksis
Arild Torvund Olsen
- 30.05.06: Betre nynorskundervisning
Nynorsksenteret heldt konferanse i Oslo (sjå punkt 3.1). Innlegg frå Nynorsksenteret v. Janne Karin Støylen og Anne Steinsvik Nordal
- 31.05.06: Fagrådsmøte i Oslo
- 13.06.06: Dialogstyringsmøte
Møte i Utdanningsdirektoratet.
Arild Torvund Olsen og Anne Steinsvik Nordal
- 13.06.06: Nynorskkurs for Statskonsult
Kurshaldar: Ingrid Slettevoll
- 14.06.06: Forum for nynorsk i skulen
Møte om «Kunnskapsløftet og informasjon til skolar og skoleeigar om språklege rettar»
- 21.–22.06.06: Grammatikk og kjærleik
Musikalframføring i Ørsta
- 26.06.06: Møte i Utdanningsdirektoratet
- 16.08.06: Kurs for lærarar i Volda og Ørsta
«Norsk på ungdomssteget i Kunnskapsløftet» Kurshaldar: Ingrid Slettevoll
- 29.08.06: Oppstartsmøte i Utdanningsdirektoratet om Strategiplan for nynorsk i opplæringa
Ingrid Slettevoll, Anne Steinsvik Nordal, Kristin Kibsgaard Sjøhelle og Benthe Kolberg Jansson frå Nynorsksenteret
- 12.–13.08.06: Konferanse i Stavanger
Innlegg frå Nynorsksenteret: Janne Karin Støylen. Andre deltakarar frå senteret: Ingrid Slettevoll og Anne Steinsvik Nordal
- 15.09.06: Netteverk for kompetanseutvikling
Møte i Oslo
- 16.08.06: Kurs på planleggingsdag
Kurs for lærarar i Ørsta og Volda
Kurshaldar: Ingrid Slettevoll
- 22.09.06: Forskingsdagane ved HVO
«Hiphop – best på nynorsk»
Innlegg: Endre Brunstad og Anne Steinsvik Nordal

- 25.–26.09.06: Gje rom for lesing
Møte i referansegruppa
Innlegg: Anne Steinsvik Nordal
- 28.10.06: Skulemålskonferanse
Innlegg på skulemålskonferansen til
Norsk Målungdom om «Nynorsk som
hovudmål og sidemål» ved Arild Torvund
Olsen
- 10.–11.10.06: Skrivekonferanse i Trondheim
Innlegg frå Høgskolen i Oslo og Nynorsk-
senteret: Synnøve Skjong
Andre deltakarar: Anne Steinsvik Nordal
- 17.10.06: Møte skrivegruppa for strategiplanen
Møte i Oslo. Ingrid Slettevoll, Anne
Steinsvik Nordal og Kristin Kibsgaard
Sjøhelle.
- 23.10.06: Språkdagen
Språkdagen for journalist- og informa-
sjonsstudentar ved HVO. Innlegg frå
Nynorsksenteret: Arild Torvund Olsen og
Anne Steinsvik Nordal
- 27.10.06: Seminar på HVO om Marie Takvam
Programleiar: Janne Karin Støylen frå Ny-
norsksenteret
- Andre deltakarar: Ingrid Slettevoll, Anne
Steinsvik Nordal og Arild Torvund Olsen.
- 6.–7.11.06: Møte i skrivegruppa for strategiplanen
Møte i Ivar Aasen-tunet i Volda.
Alle fagtilsette frå Nynorsksenteret i skri-
vegruppa møtte.
- 16.11.06: Fellesmøte for leiarane for nasjonale senter
Møte i Utdanningsdirektoratet.
Anne Steinsvik Nordal
- 16.–17.11.06: NOLES-nettverket
Konferanse på Gardermoen. Innlegg frå
Nynorsksenteret: Ingrid Slettevoll og
Anne Steinsvik Nordal
- 30.11.06: Nynorskskurs for Statskonsult
Kurshaldar: Ingrid Slettevoll
- 31.11.06: Nynorskskurs for Statskonsult
Kurshaldar: Ingrid Slettevoll
- 6.12.06: Gje rom for lesing
Møte om fylkesvise konferansar
Innlegg: Anne Steinsvik Nordal

6. REKNESKAPSOVERSIKT FOR 2006

6.1 Tildeling § 18-tiltaket

RESULTATREKNESKAP			
(Sum i NOK 1000)			
	01.01– 31.12.2006	Budsjett 2006	01.01–31.12.2005
Driftsinntekter	6130	6010	6025
Sum driftsinntekter	6130	6010	6025
Lønnskostnader	(2241)	(2353)	(984)
Investeringar og påkostingar	0	0	0
Andre driftskostnader og støtte	(2764)	(4145)	(2326)
Sum driftskostnad	(5005)	(6498)	(3310)
Driftsresultat	1125	(488)	2715
Avrekning til neste periode	(1125)	488	(2715)
Budsjettavvik		1613	
Overhead 2006 er kostnadsført med kr 750 000. Restmidlar etter årsavslutninga for 2006, kr 3 840 000, står i årsrekneskapen frå Høgskulen i Volda som øyremerkte midlar for Nynorsksenteret. Planane for dei innsparte midlane følgjer i punkt 6.2.			

6.2 Kommentar til rekneskapen

Ein del av løyvingane til Nynorsksenteret er ikkje disponerte i 2006 og må overførast til 2007. Det som står att vil me bruke slik:

- Tilsetjing av prosjektmedarbeidar (eit halvt års engasjement) med særleg kompetanse på ikt og norskdidaktikk (225 000)
- Utarbeiding av antologi for born i førskule og i første klasse (200 000)
- Løn til sekretær for «Strategi for nynorsk-opplæringa» (Utdanningsdirektoratet) 3 månaders engasjement (120 000)
- Antologi som gåve til barnehagar og førsteklasse (750 000)
- Utarbeidinga av rettleiing for nynorskundervising i høve til Kunnskapsløftet (500 000)
- Kompetansehevingskurs for ressurspersonar i nasjonalt nettverk (300 000)
- Ekstra FoU-prosjekt for 2007 (500 000)
- Filmprosjektet om motiverande opplæring i nynorsk som sidemål (500 000 kr i 2007)

7. PERSONALSITUASJONEN

7.1 Fordeling av stillingar

Nynorsksenteret har per 31.12.2006 åtte tilsette. Fire av desse er i heil stilling.

Senterleiar

Anne Steinsvik Nordal

Faglege stillingar

Ingrid Slettevoll

Kristin Kibsgaard Sjøhelle – stipendiat

Janne Karin Støylene – halv stilling

Benthe Kolberg Jansson – halv stilling, arbeidsplass Høgskolen i Østfold

Endre Brunstad – 20 % stilling, arbeidsplass UiB

Administrative stillingar

Arild Torvund Olsen

Roger Ole Rangseter – halv stilling

7.2 Intern kompetanseheving

Dei tilsette har vore med på kurs og konferansar på dei fagområda dei arbeider på og ut frå behov og interesser. Senteret har betalt kursavgift, reise og opphald i slike tilfelle.

8. RÅD OG UTVAL

8.1 Fagrådet for Nynorsksenteret

Fagrådet for Nynorsksenteret vart oppretta i oktober 2005. Rådet skal vere med i utforminga av arbeidet ved Nynorsksenteret. Rådet skal representere både geografisk og fagleg spreiding og er meint som ein del av det faglege fundamentet for Nynorsksenteret, som samarbeidspartnarar og som del av den nasjonale strategien for senteret. Ein har som målsetjing at fagrådet skal ha minst eitt, helst to, møte per år. Nynorsksenteret og den administrative leiinga ved Høgskulen i Volda er godt nøgde med samansetjinga av rådet. Jan Olav Fretland frå Høgskulen i Sogn og Fjordane er leiar i fagrådet.

Fagrådet er samansett slik:

Jan Olav Fretland, førsteamanuensis ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, leiar i fagrådet

Anne Øie, dekanus ved lærarutdanninga ved Høgskulen i Volda

Jan Inge Sørbo, professor ved Ivar Aasen-instituttet

Torgeir Dimmen, lektor ved Avdeling for mediefag ved HVO

Ottar Grepstad, direktør ved Nynorsk kultursentrum, Ivar Aasen-tunet

Hilde Osdal, høgskulelektor og arbeider ved Norsk for utanlandske studentar ved Høgskulen i Volda

Karin Heggen, skulesjef i Volda kommune

Anne Marie Holstad, norsklærer Volda ungdomsskule

Synnøve Skjong, førstelektor ved HiO

Endre Brunstad, førsteamanuensis ved UiB

Synnøve Matre, førsteamanuensis ved Høgskolen i Sør-Trøndelag

Trond Trosterud, forskar ved Universitetet i Tromsø

Anne Steinsvik Nordal, leiar ved Nynorsksenteret

I 2006 har Benthe Kolberg Jansson, Høgskolen i Vestfold, gått ut av fagrådet fordi ho no er tilsett i halv stilling ved Nynorsksenteret.

Johan Roppen, mediefag ved Høgskulen i Volda, har òg trekt seg på grunn av stort arbeidspress. Torgeir Dimmen frå same avdeling ved HVO har kome inn i rådet.

8.2 Interne samarbeidsorgan

Nynorsksenteret har i 2006 hatt samarbeidsprosjekt med Ivar Aasen-instituttet, avdeling for lærarutdanning, nordisk institutt og avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda. Det er ikkje oppretta formelle interne samarbeidsorgan på Høgskulen i Volda, men det er ei sak ein vil arbeide vidare med.

8.3 HMS-utval

Nynorsksenteret har ikkje eige HMS-utval. Senteret er under arbeidsmiljøutvalet på Høgskulen i Volda, og direktøren er nærmas- te overordna til senterleiaren. Nynorsksenteret er organisert under verneombodet som har ansvar for bygningen der senteret ligg.

Del III: RESULTATRAPPORTERING OG BEHOVSVURDERING

9. MÅLOPPNÅING I HØVE TIL ÅRSPLANEN

9.1 FoU-arbeid

Nynorsksenteret har mange prosjekt i gang når det gjeld FoU-arbeid, og senteret har stort sett nådd måla frå årsplanen for 2006. Nynorsksenteret har FoU-arbeid i gang på barnetrinnet, ungdomstrinnet, i vidaregåande skule og i lærarutdanninga. Desse prosjekta har levert rapportar både undervegs og til slutt for dei som er avslutta. På konferansen Nynorsksenteret hadde i Oslo i slutten av mai kom fleire av prosjektleiarane til orde og fekk formidle erfaringane sine. Rapportane vert lagde ut på nettstaden vår slik at andre kan ha nytte av arbeidet og erfaringane som er gjorde. Alle dei større FoU-prosjekta har no fått rettleiarar frå Nynorsksenteret.

9.2 Kurs og konferansar

Nynorsksenteret har brukt mykje ressursar til kurs og kompetanseheving i samband med

Kunnskapsløftet og ny læreplan. Senteret har hatt ei rekkje kurs om nynorsk barne- og ungdomslitteratur på fylkesnivå i samband med *Gje rom for lesing*, men også i høve til prosjektskulane våre og andre interesserte. Nynorsksenteret har òg fått ferdig det tekstbaserte nettkurset *På nynorsk* som mange har teke i bruk. I tillegg har senteret utarbeidd eit kurs om lesestrategiar og lesing i alle fag i samarbeid med kontoret for etter- og vidareutdanning ved HVO. *Med nynorsk i den digitale verktøykassa* er eit kurstilbod for lærar i grunnskulen.

9.3 Undervisning og rettleiing

Nynorsksenteret har undervist på ulike avdelingar ved HVO. I tillegg har to av dei eksternt tilsette undervisning på Høgskolen i Østfold og på Universitetet i Bergen.